

Liv Hopland van der Kooij

Hoplandsvegen 141

5918 FREKHAUG

23.10.15

Langeland og Fyllingsnes

Litlevågsbråtet 9

5913 EIKANGERVÅG

### **Merknad til nabovarsel/byggesøknad**

Viser til mottatt nabovarsel angående oppføring av to og firemannsboliger på Hopland Gnr 15 Bnr 6.

Utifrå mottatte teikningar kan det sjå ut som to firemannsboliger.

Uansett så meiner eg omfanget av boligenheter ligg utanfor det som ligg i omgrepet spreidd bustadbygging. I det omgrepet legg eg einebustad, eventuelt med utleigedel eller tomannsbolig.

Utbygging i denne storleik, ikkje minst når ein ser kva planar utbyggjar opprinneleg har for utbygging på Hopland, jamfør Møtereferat – bygging på eigedom 15/6 på Hopland – avklaring planstatus 01.09.15 viser heilt andre planar enn spreidd bustadbygging. Dette er bustadfelt og ikkje ein landbrukseigendom som har bruk for fleire husvære.

Hopland er ei landbruksbygd med husdyrproduksjon og ei utbygging her aukar faren for konflikt mellom tradisjonelt landbruk og tilflyttarar. Landbruksdrifta gjev både lukt og lyd på ugunstige tidspunkt.

Kommuneplanen som nyleg er vedteken legg opp til at det kan byggjast inntil fire nye bueiningar på Hopland i planperioden. Den omsøkte utbyggjinga overstig dette.

Eg vil gjerne ha tilsendt plankart for vatten og avløp, da dette ikkje låg ved nabovarselet, men har stor betydning for naboar.

I papira til møtet 01.09 står det at utbyggjar ynskjer å tilføra bygda offentleg vatten og kloakk med meir. Eg vil at de kallar inn til eit «nabomøte» for alle involverte og informerer om dette, da det kan ha store økonomiske konsekvensar for det enkelte hushald som det er viktig og nødvendig å vera budd på.

Helsing

Liv H.v.d. Kooij